

*Vedlegg til protokollen:*

**Vedteken resolusjon: Status Sverige**

Den folkelege musikken og dansen høyrer heime i ein brei og inkluderande tradisjonskultur. Denne har historisk gitt næring til eit veksande nasjonalt sjølvbilete, og seinare innhald og form til det vi i dag definerer som folkemusikk og folkedans.

Til ulike tider har politiske parti og ideologiske rørsler søkt tilflukt i denne delen av kulturen, anten som lekk i vern og vidareutvikling av kulturen sjølv, eller som verkemiddel og strategi for å oppnå andre samfunns mål. Under 2. verdskrigen søkte den nazistiske okkupasjonsmakta anerkjenning for politikken sin ved å omfamne den norske folkemusikken. Det same har høgreradikale krefter i Sverige gjort i nyare tid.

Folkemusikk- og folkedansutøvinga står i ein humanistisk verditradisjon. Representantskapsmøte i Rådet for folkemusikk og folkedans tek avstand frå rasisme og framandfrykt, og rørsler i tida som tek musikarar og dansarar til inntekt for politikk og ideologi utøvarane sjølve ikkje identifiserer seg med.